



Ørskog kommune
Rådhuset
6240 ØRSKOG

Trondheim, 20.06.2018

Dykkar ref.:
18011213 Runa Klock

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2018/2456

Sakshandsamar:
Hepsø, Marit

Tildeling av tilskot - Grøn mobilitet på Sjøholt

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot av 15.02.2018 med referansenummer 18S955E1. Det er søkt om eit tilskot på kr 2 575 000. Miljødirektoratet gir med dette ei tilsegn om seinare utbetaling av tilskot på kr 600 000. Tiltaket som blir gitt tilsegn om tilskot er "Grøn mobilitet på Sjøholt".

Beskriving av tiltaket:

"Hvem: Ørskog kommune ligg i Møre og Romsdal Fylke og har ca. 2270 innbyggjarar. Kommunesenteret Sjøholt er eit trafikalt knutepunkt og opplevast som delt i to. E39 utgjør ei barriere og manglar direktekryssingar for køyrande og fotgjengarovergangar i plan. Mykje av stamvegtrafikken til austlandet går gjennom sentrum, noko som gir stor trafikkbelastning (ÅDT 6200), med mykje tungtransport. I sentrum har etablering av m.a. rådhus, barnehage og buss-stasjon ført til at "tyngdepunktet" er flytta frå det historiske sentrum på nordsida, til det tidlegare industriområde på sydsida. Dei fleste bur på nordsida og det er stor interntrafikk.

Hva: Dei omsøkte tiltaka er ein del av kommunen si tettstadutviklingssatsing der kommunen samarbeider tett med fylkeskommunen sitt tettstadprosjekt. Det er gjort registreringar som har vist at det er stor mangel gangveggar og fortau, på fysiske koplingar mellom eksisterande gangveggar, og mange utflytande areal utan avgrensing og skilje mellom soner for bil og gåande/syklende. I tillegg gir bildominans i sentrum ei dårlegare oppleving av å bevege seg til fots/sykkel.

På den andre sida har registreringa vist at Sjøholt har eit stort potensiale til å utvikle seg til en trygg og lettorienterande (intuitiv orientering) tettstad med tydelege og trygge gangveggar/snarveger, fotgangarovergangar, turveggar og parkar i eit saumlaust nettverk. Oppgradering av gode løysingar for mjuke vil bidra til at det blir tryggare og lettare å velje å gå eller sykle i og rundt sentrum og til viktige målpunkt, som f.eks. den nye skulen, buss-stasjonen og idrettsplassen.

Registreringar vil supperast, men har allereie gitt oss eit godt grunnlag for å starte med utarbeiding av konkrete planar/prosjekt som kan realiserast innan relativ nær tid. Disse søke vi no klimasatsmidlar til.

Ørskog Skule (10 trinn) ligg på sydsida av bygda og viktigaste skulevegen går gjennom Sjøholt Sentrum. Ei spørjeundersøking (2018) ved ungdomsskulen viser at nesten 40% blir køyrt i privatbil til skulen og 24% med buss. I tillegg blir 81%(!) køyrt i privatbil til fritidsaktivitetar. Vi er dermed

langt frå målet i Nasjonal sykkelstrategi på at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til og frå skulen. Med tanke på at vanar for framtida leggst i barndomen er det viktig at borna her begynner å sykle og gå meir.

Ørskog kommune søker om tilskot til fire tiltak;

- 1) Tilretteleggingstiltak for gåande og syklende
- 2) Sykkelstallar/ stativ med og utan lading
- 3) Forprosjekt kryssing av E39
- 4) Transformasjon av veg til grøntareal langs E39"

BAKGRUNN

I 2018 fekk Miljødirektoratet fekk 355 søknader til tilskotsordninga Klimasats - støtte til klimasatsing i kommunane". Samla søkesum var 318 millionar kroner. Ramma for tildeling er 147 millionar i 2018. Det betyr at fleire klimatiltak ikkje får tilskot, og at nokre får mindre enn dei har søkt om.

Føremålet med ordninga er å medverke til reduksjon av klimagassar og omstilling til lågutsleppsamfunnet. Miljødirektoratet har vurdert søknadene i samsvar med kriteria for tildeling og prioritering. Ved prioritering av søknadene har vi lagt vekt på:

- Potensial for reduserte utslepp.
- Grad av innovasjon i omstilling til lågutsleppsamfunnet.
- Overføringsverdi og at potensial for positive ringverknader.
- Realistisk budsjett knytt til kostnader, og plan for gjennomføring og framdrift.
- Ambisjonar for reduserte klimagassutslepp ut over minimumskrav i lover og forskrifter.
- Andre effektar av tiltaket, positive og negative.
- At tiltaket ikkje har rett til støtte frå andre statlege ordningar.

VURDERINGA TIL MILJØDIREKTORATET

Ørskog kommune har søkt om 2 575 000 kr til eit samansett prosjekt for grøn mobilitet på Sjøholt. Kommunen har undersøkt reisevanar blant ungdomsskuleelevar, og funne ut at 40% av borna blir køyrde til skulen, og 81% til fritidsaktivitetar. Midla skal mellom anna nyttast til tilretteleggingstiltak for gåande og syklende, som til dømes gang- og sykkelveggar og andre fysiske tiltak. Kommunen søkjer òg om midlar til sykkelparkering, omlegging av ein sentrumsveg til grøntareal og eit forprosjekt om kryssing av E39. Fylkesmannen anbefaler søknaden.

Prosjektet er ei god samling med tiltak for å legge til rette for meir sykkel og gange i Ørskog, og tiltaka vil òg ha ei rekke andre positive verknader, mellom anna betre universell utforming. Som klimatiltak vil slik tilrettelegging likevel ha avgrensa effekt, dersom det ikkje blir kombinert med tiltak for å redusere parkering og køyring med bil i området. Det er positivt at kommunen planlegg kampanjar for sykling samtidig med gjennomføring av tiltak. Vidare legg vi vekt på at kommunen skal samarbeide med næringsliv, lag og organisasjonar i gjennomføringa av desse kampanjane, og at fleire butikkar vil ruste opp sykkelparkering som del av prosjektet.

Sidan klimagassreduksjon er ein av effektane av denne omfattande pakka med tiltak vil Miljødirektoratet støtte Ørskog kommune med 10% av investeringa, avgrensa til kr 500 000 + 50%

finansiering av trygg sykkelparkering ved busshaldeplassen, avgrensa til kr 100 000, for å legge til rette for at ein lengre bilreise kan erstattast med sykkel og buss.

KRAV TIL RAPPORTERING OG UTBETALING

Utbetaling skjer seinare, på grunnlag av innsendt rekneskap og rapport. Rapportering skjer i elektronisk søknadssenter. Logg på med same brukar som leverte søknaden.

Rekneskapen skal vere stadfesta av økonomisjef eller tilsvarande, kommunerevisjon eller ekstern revisor. Dersom det er planlagt kommunal arbeidstid som del av kommunens eigeninnsats rekneskapsføres denne med inntil kr 500 per time. Timelister skal ikkje leggas ved regnskapet.

Vi ber om at rapporten inkluderer:

- Reisevaneundersøkingar eller trafikktejingar som viser talet på brukarar før og etter tiltak, og endring i reisemiddelfordeling på den aktuelle staden.
- Til dømes systematisk og samanliknbare teljingar av syklistar som nyttar sykkelparkeringa/ andre sykkelfasilitetar, før og etter tiltak, eller ny undersøking blant ungdomsskuleelevane.

FRIST FOR Å AKSEPTERE TILSEGNA

Frist for å akseptere tilsegna er 1. september 2018 . Tilsegna akseptert i søknadssenteret. Logg inn med same brukar som leverte søknaden.

Lykke til med arbeidet!

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jamfør forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a og b, jamfør fjerde ledd.

Følgjande rapportering er ein føresetnad for tilsegna om tilskot:

Skal leverast	Beskriving	Frist
Sluttrapport	Sluttrapport med bekrefta rekneskap	01.11.2019
Erfaringsrapport avsluttet prosjekt	Erfaringsrapport etter eitt års bruk	01.11.2020

Beløpet vil bli utbetalt innanfor følgjande plan:

Planlagt utbetalt	Beskriving	Beløp
201912	Utbetaling av tilskot	600 000

Tilsegna er gyldig til 31.12.2020. Dersom rapporteringa som vist ovanfor ikkje blir overhalden, fell tilsegna om tilskot bort, og tilsegnsbøpet vil då bli omdisponert til andre formål.

Dersom føresetnadene for å gjennomføre tiltaket blir endra vesentleg eller fell bort (teknisk/fagleg, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet ha beskjed med det same.

Vi gjer merksam på at Miljødirektoratet og/eller Riksrevisjonen med heimel i løyvingsreglementet kan kontrollere om tilskotet er nytta i samsvar med føresetnadene.

Vi gjer vidare merksam på at Miljødirektoratet heilt eller delvis kan krevje eit eventuelt utbetalt tilskot tilbakebetalt dersom midlane ikkje blir brukte i samsvar med føresetnadene, eller føresetnadene for tilsegna fell bort.

Rekneskapsbilag knytte til gjennomføringa av tiltaket skal oppbevarast i minst ti år, eller i samsvar med rekneskapslova dersom verksemda di er underlagd denne.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Herdis Laupsa
seksjonsleder

Marit Hepsø
seniorrådgiver

Tenk miljø - velg digital postkasse frå e-Boks eller Digipost på www.norge.no.

Kopi:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

. . .